



Kristian Skjelanger Kvinge
Austfjordvegen 1076
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/834 - 23/5029

Saksbehandlar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
09.06.2023

Melding om delegert vedtak - Endring av tidlegare innsendt søknad - plassering av tomtane - gbnr 38/10

Me syner til motteken søknad 30.05.23

Administrativt vedtak. Saknr: 052/2023

Tiltakshavar: Kristian Kvinge
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m) løyve til endring av tidlegare løyve for oppretting av 3 matrikkeleiningar til bustadforemål på gbnr. 38/10, Kvingo, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 11.04.22 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.10	Delt sakshandsaming, endring i løyve	1	2.700,-
	Totalt gebyr å betala		2.700,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av tidlegare gjeve løyve i adm. sak 083/2020.

Fakta

Det er tidlegare søkt om oppretting av 3 nye bustadtomter fråskild gbnr. 38/10 og der er gjeve løyve til dette. Saka krov dispensasjon, då området er avsett i kommuneplanen for Masfjorden 2018-2030 til spreidd bustadbygging, med 2 bueiningar i planperioden, mens det vart søkt for 3 einingar. Det er no omsøkt mindre endringar av utforminga av tomtane, som vart vurdert slik at det var behov for ny nabovarsling. Storleik på tomtane er om lag som før. Tiltaket er framleis innafor området avsett til spreidd bustadbygging.

Vurdering

Då det er gjeve løyve tidlegare og Statsforvaltaren og Vestland Fylkeskommune tidlegare har fått saka til uttale, finn ein ikkje det naudsynt å henta inn uttale på nytt. Endringa er lovleg nabovarsla.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til endring av tidlegare vedtak i saka jf. vedtaket

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kristian Skjelanger Kvinge

Austfjordvegen 5981
1076

Masfjordnes